

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/66-1

Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2018 - bestilling

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 678 319 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS

Vedlegg:

- Bestillingsdokument finansiell revisjon og selskapskontroll 2018
- Budsjett 2018 – Inntektsfordeling SF revisjon IKS

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Dette er regulert i forskrift om kontrollutval § 4.

I merknaden til den nemnde paragrafen står det mellom anna at kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at fylkeskommunen vert revidert, og at revisjonen vert gjennomført innan dei rammer som fylkestinget set i samsvar med kommunelova § 76 og § 78 nr. 3.

Føremålet til SF revisjon IKS er ifølgje selskapsavtalen å dekke fylkeskommunen sine behov innan finansiell revisjon, selskapskontroll samt attestasjonsoppdrag.

Det går fram av selskapsavtalen, som gjeld frå 1.1.2014, §4 at utgiftene til dekning av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver, heretter nemnt som finansiell revisjon i saka, vert dekkja av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10% og medgått tid 90%. Fakturering vert akonto to gonger årleg i samsvar med det vedtekte budsjett for selskapet. Endeleg avrekning skjer ved utgangen av året.

I vedtekte budsjett for SF revisjon IKS for 2018 er inntekter frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til finansiell revisjon og selskapskontroll budsjettet med kr. 1 678 319. Fordelinga av budsjettet er vedlagt saka. Selskapskontrollen vert lagt inn under «Andre tenester Fordeling faktisk timeforbruk», som er berekna til eit beløp på kr. 493 670.

SF revisjon fakturerer fylkeskommunen to gonger i året – i 2018 vil desse fakturaene bli på om lag kr. 839 000. Etter årsslutt vil selskapet gjere ei vurdering av om fylkeskommunen har teke ut timar i samsvar med akontobeløpet som er innbetalt.

Denne saka gjeld bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon vert bestilt i samsvar med rammeavtalen fylkeskommunen har med Deloitte AS.